



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1520 - 19/17734

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.06.2019

Løyve til etablering av mellombels veg knytt til uttak av jordmassar - gbnr 137/23 og 137/814 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 334/19

Tiltakshavar: Lindås kommune ved eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan krav om ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.


Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av mellombels anleggsveg for uttak av matjord slik det går fram av situasjonsplan mottatt 21.05.2019.

Situasjonsplan mellombels anleggsveg



Situasjonsplan omsøkt ny Alversund skule




Anleggsvegen skal plasserast i traseen til framtidig gangveg o_SGS3 og vidare inn på arealet der nye Alversund skule skal plasserast. Matjorda skal transporterast ut til godkjend deponi på gbnr 137/7. Arbeidet er planlagt utført i perioden juni - august.

Søknaden er knytt til arbeidet med å realisera nye Alversund skule med tilhøyrande anlegg.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.05.2019 med supplerande dokumentasjon mottatt 07.06.2019 og 12.06.2019.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdereguleringsplanen for Alversund, planid 1263-200902 er avsett til gang- og sykkelveg o_SGS3 og offentleg og privat tenesteyting BOP3. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.



Uttale frå anna styresmakt

Landbruksavdelinga har gitt løyve til planering av tilkøyrde jordmassar på gbnr 137/7, jf. Forskrift om begrensing av forurensing kap 4, i administrativt vedtak saknr 292/19 datert 04.04.2019.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.


Tiltaket omfattar arbeid på eigedomane gbnr 137/23, gbnr 137/814 og gbnr 137/511. Lindås kommune har kjøpt gbnr 137/814. Arealet på gbnr 137/23, som vert berørt, er godkjend frådelt til skuleføremål i samsvar med godkjend områdereguleringsplan. Lindås kommune skal kjøpa arealet. Det er inngått avtale om etablering av mellombels tiltak på gbnr 137/511. Eigedomar i området som elles kan verta berørt av massetransporten er varsla, jf. skriv frå Lindås kommune ved eigedomsavdelinga datert 23.05.2019.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan (satellittfoto) mottatt 21.05.2019.

Vatn og avløp (VA)

Det går kommunal vassleiding i nærleiken av det aktuelle området slik vist på kartutsnitt. Omsøkt arbeid må utførast i samråd med kommunen si VA-avdeling.



Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Massetransporten skal skje internt i området via mellombels anleggsveg og eksisterande lokal veg gjennom Furumarka /Buheim. Det skal etablerast fartsreducerande tiltak og alle berørte grunneigarar er varsla om tiltaket.

Statens vegvesen har i skriv datert 15.05.2019 gitt samtykke til at massetransport av jordmassar kan skje slik det er søkt om. Transport av massar til andre areal, der transporten må skje via fv. 565, må venta til køyremønster i krysset med fv. 565 er opparbeidd.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Nabovarsel

Kommunen vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg varsla gjennom dei tiltak som er gjennomført.

Privatrettslege tilhøve

Kommunen legg til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er sikra.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Multiconsult har gjennomført skredfarevurdering av området, jf. rapport datert 08.11.2018. Det vert vurdert at omsøkte tiltak ikkje berører aktuelle område med krav om iverksetjing av særskilde tiltak mht skredfare.

Konklusjon

Kommunen godkjenner etablering av mellombels anleggsveg slik det er søkt om og på dei vilkår som går fram av saksutgreiinga. Det er lagt til grunn for vurderinga av søknaden at terrenginngrepet knytt til avgraving og uttransport av matjord er av eit slikt omfang at det ikkje krev særskild løyve etter plan- og bygningslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 c) vert det gjeve løyve til mellombels etablering av anleggsveg slik det er søkt om og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 21.05.2019, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Arbeidet skal utførast i samråd ved kommunen si VA-avdeling.**
- 3. Bruk av den mellombelse anleggsvegen skal opphøyra seinast 31.12.2019.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1520

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hlm Arkitektur AS
Lindås kommune ved
eigedomsavdelinga

C. Sundts gate 1 5004
Felles postmottak 5914
Kvernhusmyrane
20

BERGEN
ISDALSTØ

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS
Lindås kommune ved
eigedomsavdelinga

C. Sundts gate 1 5004

BERGEN